

PUNKTER FRÅ MEDLEMSMØTET 10.03.20 I AKTIV+

Det har kome klage på lyden nede i salen. Det er vanskeleg å få gjort noko med kvaliteten på lyden når det er so mange deltakarar og vi må bruke heile salen. Vi oppmoder deltakarne til å både høyre og sjå kva instruktørane seier.

Det er mangel på treningsmatter til trimmen. Mange av dei vi brukte, er låst ned i kasser. Vi oppmodar sterkt deltakarane til å kjøpe egne matter. Det er mykje meir hygienisk med tanke på kor mykje mattene som ligg på lager er brukt og ikkje vert vaska.

Det kom ynskje om at dei som trenar kan få hjelp og rettleiing på korleis øvelsane skal utførast. Dette for å få mest mogleg utbytte av treninga. Dette var oppe på styremøtet etterpå, og vi vil prøve å få til noko.

Spørsmål frå styret om kva vi gjer viss både Gunnar Angeltveit og Signe Herdis Høyvik ikkje kan ha treninga ein dag.

Forslag om at vi eit par gonger i semesteret hyrer inn nokon frå Aktiv 365 til å leia treninga, slik at vi kan bruke dei som reserve viss det trengs.

Samt forslag om at vi legg ein kopi av den gamle treningsCD'en til LHL i eit av oppbevaringsskapa, som då gruppa kan trene etter på eiga hand.

Ynskje om at vi gjev takk til fysioterapeutane som leiar balansetreninga. Unni formidlar takk frå Aktiv+.

Bestillingsbussen. Det vart orientert om korleis det ligg an med den, og at det vert altfor kostbart å halde fram med tanke på kor få personar som nytta den.

Spørsmål ang. shuttlebuss frå Sartor til Aktiv+. Bussen frå Straume Terminal til Brattholmen går nedom Sotra Arena. Det går buss 09.32 som kjem til Sotra Arena kl. 09.37, og kl. 10.30 med ankomst 10.35.

Forslag om at vi hyrar inn Kenneth Bjærum til ei underhaldningsstund med Elvis-songar.